



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	24.10.2013
Tid:	16:30 – 22:15

Medlemer som møtte:

Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Fred Hansen	Medlem	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Medlem	H
Frank Lied	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Malene Frøystadvåg Remøy	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elvseter	Medlem	H
Dag Kåre Nærø	Medlem	FRP
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Olaug Andreassen	MEDL	AP
Sofie Mere Arntsen	MEDL	AP
Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF
Per Kristian Furø	MEDL	AP
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Kirsti Hammerø	MEDL	H
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Kjell Runde	MEDL	FOLK/SP
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møte:

Egil Kjell Leikanger	Olaug Andreassen	AP
Runar Stave	Per Kristian Furø	AP
Øystein M. Kleppestrand	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Norvald Muren	Kirsti Hammerø	H
Knut Tandberg	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Oddmund Voldsund	Marthe Vågsholm Sævik	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Thor-Sigmund Garvik	FRP

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Leiar utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller
Planleggar Ole Magne Rotevatn

Møtet vart annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Tilstades 22 faste medlemer og 7 varamedlemer, 4 mindre enn fulltallig.
Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Stig Arne H. Sævik og Bjarne Kvalsvik

Reidun Myrvågnes fekk permisjon frå kl. 18:00, etter handsaming av K-sak 131/13.

Kaja Runde kom til møtet kl. 19:20 under handsaming av K-sak 132/13.

Malene Frøystadvåg Remøy fekk permisjon frå kl. 21:00, under handsaming av K-sak 133/13.

Runar Stave kom med slik protokolltilførsel:

«Presisering.
Grunnet avstemningsmetode i sak 132/13 «Kommuneplanen for Herøy 2013-2025 – Samfunnsdelen – Slutthandsaming av plan» vil Arbeiderpartiet understreke av Arbeiderpartiets representanter ikke stemte mot de enkeltsaker som ble fremmet av Arbeiderpartiets representanter, og falt under punktvis avstemming før en stemte for hele planen under ett med endringer. Røystetema må innføres i protokoll.»

underskrifter

Stig Arne H. Sævik

Arnulf Goksøyr
ordførar

Bjarne Kvalsvik

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 124/13	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 125/13	Protokoll frå førre møte.
PS 126/13	Delegasjonssaker
PS 127/13	Referatsaker
PS 128/13	Finansreglementet til Herøy kommune - Revidering
PS 129/13	Finansrapport per 31.08.2013
PS 130/13	Budsjettkontroll per 31.08.2013
PS 131/13	Søknad om auke av kommunal garanti
PS 132/13	Kommuneplanen for Herøy 2013-2025 - Samfunnsdelen - godkjenning av plan
PS 133/13	Kommuneplan for Herøy 2013-2025 - Arealdelen - utlegging til offentlig ettersyn
PS 134/13	Oppretting av nye fastlegeheimlar
PS 135/13	Val av ny medlem og varamedlem til styret i Søre Sunnmøre Reinhaltsverk
PS 136/13	Permisjon frå verv som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
PS 137/13	Permisjon frå politiske verv

Delegasjonssaker frå avdelingane

- DS 294/13 Jetmund Runde 9/117 - Løyve til tiltak - oppføring av reiskapsbud / garasje.
- DS 295/13 Ståle Berge 29/58 - Løyve til masseutskifting
- DS 296/13 Laila og Martin Oskar Endresen 48/64 - Løyve til oppføring av uteplass / hagestove.
- DS 297/13 Gudmund Nærø 24/1 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett, oppføring av tilbygg og altan
- DS 298/13 Tor Arve Reite 20/63 - Løyve til oppføring av takoverbygg.
- DS 299/13 Jon Måløy 84/1 - Løyve til utlegging av flytebrygge
- DS 300/13 Ove Rafteseth 56/15 - Løyve til tiltak - oppføring av garasje
- DS 301/13 Tussa Nett AS 56 /12 - Løyve til tiltak - ny nettstasjon - 1065 Lillenes.
- DS 302/13 Unni og Roar Evensen 11/143 - Igangsetjingsløyve for oppføring av to naust m/rorbuer.
- DS 303/13 Kjell Brudevoll 19/53 - Løve til tiltak - tilbygg garasje.
- DS 304/13 Gnr 38 Bnr 9 - Frådeling av næringstomt
- DS 305/13 Sigbjørn Notøy 48/8 - Løyve til tiltak - rehallitering av skorstein
- DS 306/13 Sivert Gjerde 38/170 - Løyve til tiltak - rehabilitering av skorstein
- DS 307/13 Trond Nærø 37/389 - Ferdigatteset - tilbygg til bustadhus
- DS 308/13 Erik Andre Bakke 29/140 - Ferdigattest - utviding av terrasse.
- DS 309/13 Kjøp av næringstomter på Mjølstadneset.
- DS 310/13 Gnr 34 Bnr 76 - Frådeling av fortaus
- DS 311/13 Gnr. 16 bnr. 12 - frådeling av bebygd eigedom
- DS 312/13 Gnr 79 Bnr 141 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 79 bnr 75

- DS 313/13 Eileen Gjerde og Frode Rougnø -
45/170 - Igangsetting grunnarbeid
- DS 314/13 Ferdigattest - 29/6 5- Altan
- DS 315/13 ferdigattest - 29/65 - tilbygg
- DS 316/13 Gnr 4 Bnr 1 - Frådeling av
tilleggsareal til gnr 4 bnr 80
- DS 317/13 Ferdigattest - 11/127
- DS 318/13 Olav Emdal - 28/11 - tilbygg
garasje
- DS 319/13 Mindor Flusund - 12/46 og 47 -
Løyve til tiltak -rehabilitering av
skorstein
- DS 320/13 Eiksund Eiendom as - 34/173
seksjon 6 - Bruksendring
- DS 321/13 Børge Kvalsund - 33/16 - Tilbygg
- DS 322/13 Per Jarle Skar - 37/52 - Tilbygg
- DS 323/13 Delegert vedtak - sal av gnr. 12
bnr. 288 - Remøy hamn
- DS 324/13 Paul Sverre Voldsund - 27/99 -
Bod
- DS 325/13 John Magne Johansen - 34/259
og 154 - Endring tidlegare
rammeløyve og IG
riving/grunnarbeid
- DS 326/13 Gnr 4 Bnr 106 - Frådeling av
næringstomt

Referatsaker

- RS 33/13 AMU-sak 20/13. Særutskrift -
Sjuefråvere 2. kvartal 2013
- RS 34/13 AMU-sak 21/13. Særutskrift -
Tilsyn frå Arbeidstilsynet - Herøy
Legesenter
- RS 35/13 Kommunedelplan Trafikktrygging
2013-16 - offentlig ettersyn
- RS 36/13 Møteprotokoll Kontrollutvalet
23.09.2013

PS 124/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Egil Leikanger kom med framlegg om slikt tillegg til pkt. om habilitet på innkallinga:

«Jfr. Kommunestyrereglementet § 5, 1. ledd.»

Saklista vert godkjent med tillegg av K-sak 137/13: Permisjon frå politiske verv.

PS 125/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 126/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 127/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 128/13 FINANSREGLEMENTET TIL HERØY KOMMUNE - REVIDERING

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

Herøy kommunestyre vedtek "Finansreglement for Herøy kommune" slik det ligg føre.

PS 129/13 FINANSRAPPORT PER 31.08.2013

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

Finansrapporten per 31.08.2013 vert tatt til vitande.

PS 130/13 BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2013

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

1. Budsjettkontrollen per 31.08.2013 blir tatt til vitande.
2. Avdelingane har eit særskilt ansvar for å sjå til at ein ikkje får rekneskapsmessige overskridingar i 2013 i høve til vedteke budsjett.

PS 131/13 SØKNAD OM AUKE AV KOMMUNAL GARANTI

Møtebehandling:

Fred Hansen reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i Moltustranda Vassverk og har skrivne under samarbeidsavtale med Stemmedalen vassverk.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Fred Hansen vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6a.

Sigurd Nygard reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem av valnemnda i Stemmedalen vassverk.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Sigurd Nygard vart samrøystes kjend habil.

Brev av 21.10.2013 frå Kommunalbanken Norge vart utdelt.

H v/Arnulf Goksøyr kom med framlegg om slikt nytt pkt. 2 i tillegg til formannskapet si tilråding:

«Kommunestyret godkjenner lånevilkåra slik dei kjem fram av Kommunalbanken Norge sitt brev datert 21.10.2013.»

Formannskapet si tilråding med tilleggsframlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

1. Herøy kommune vil yte ein kommunale lånegaranti (simpler kausjon eller selvskyldnerkausjon) på inntil 31,0 mill kr til Stemmedalen Vasslag SA (auke på 11,0 mill kr i høve til K-sak 2013/30).
2. Kommunestyret godkjenner lånevilkåra slik dei kjem fram av Kommunalbanken Norge sitt brev datert 21.10.2013.
3. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

PS 132/13 KOMMUNEPLANEN FOR HERØY 2013-2025 - SAMFUNNSDELEN - GODKJENNING AV PLAN

Møtebehandling:

Leiar utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller og planleggar Ole Magne Rotevatn møtte i saka.

Det vart halde gruppemøte.

Ap v/Janita Westbø Remøy kom med slikt framlegg:

«Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling:
Pkt. 13 endrast til: Etablere Frisklivssentral i kommunen».

Ap/V v/Svein Gjelseth kom med slike framlegg:

«Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling pkt. 2:
Kommunen skal legge til rette for etablering av nytt omsorgssenter på/ved noverande pleie- og omsorgsområde.

Infrastruktur:

Pkt. 1: Etablere hurtigbåtanløp Fosnavåg by – Ålesund

Pkt. 2: Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg

Nye forslag:

Pkt. 1: Bygge saman midtre og vestre kai Mjølstadneset

Pkt. 2: Jobbe aktivt for hurtigruteanløp på Mjølstadneset»

Ap v/Runar Stave kom med slikt framlegg:

«Heilskapleg sentrum og samfunnsutvikling:
Pkt. 10: Utvikling av «lokket» blir stroke.»

Folkelista/Sp v/Bjarne Kvalsvik kom med slikt framlegg:

«Infrastruktur nytt pkt.:
Etablere gangforbindelse mellom Fosnavåg sentrum og kulturhusområdet.»

Egil Leikanger kom med framlegg om å utsette saka.
Utsettingsframlegget fall mot 1 røyst.

Punktvis røysting:

Framlegget frå Ap v/Janita Westbø Remøy fall mot 10 røyster.

Framlegget frå Ap/V v/Svein Gjølseth:

Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling pkt. 2:
Kommunen skal legge til rette for etablering av nytt omsorgssenter på/ved
noverande pleie- og omsorgsområde.
Framlegget fall mot 5 røyster

Infrastruktur:
Pkt. 1: Etablere hurtigbåtanløp Fosnavåg by – Ålesund
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2: Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg
Framlegget vart vedteke med 15 mot 14 røyster.

Nye forslag:
Pkt. 1: Bygge saman midtre og vestre kai Mjølstadneset
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2: Jobbe aktivt for hurtigruteanløp på Mjølstadneset
Framlegget fall mot 11 røyster.

Framlegget frå Ap v/Runar Stave vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Folkelista/Sp vart vedteke mot 3 røyster.

Formannskapet si tilråding med dei vedtekne endringane vart vedteke mot 1 røyst.
vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

Kommunestyret gjer fylgjande endringar:

- Legg til eit nytt punkt i handlingsdelen under satsingsområde infrastruktur:
Etablere nye parkeringsplassar i sentrum
- Infrastruktur pkt. 1: Etablere hurtigbåtanløp Fosnavåg by – Ålesund

- Infrastruktur pkt. 2: Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg
- Nye forslag pkt. 1: Bygge saman midtre og vestre kai Mjølstadneset
- Heilskapleg sentrum og samfunnsutvikling pkt. 10: Utvikling av «lokket» blir stroke.»
- Infrastruktur nytt pkt.: Etablere gangforbindelse mellom Fosnavåg sentrum og kulturhusområdet

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, *Kommuneplan for Herøy 2013-2025, Samfunnsdel*, med dei endringane som står ovanfor.

PS 133/13 KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025 - AREALDELEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Leiar utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller og planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Krf v/John Nerem kom med slike framlegg:

«Landområdet innanfor ytre Molo vert vurdert til bustadformål.»

«Vurdere tunnel Einedalen – Leinevika.»

H v/Richard K. Gjerde kom med framlegg:

«Endring i kart – Toftestøda gnr. 36/2 til bustadområde»

Folkelista/Sp v/Kaja Runde kom med slikt framlegg:

«Forslag om at området på Langeneset på Runde vert omgjort til LNF-kan område, som vist på kart.»

H v/Sigurd Nygard kom med slikt framlegg:

«Endring i kart B49 – Storneset blir sett av til kan-område eller bygge-område. Utvida med det skraverte område.»

Det vart halde gruppemøte.

John Nerem trekte sine framlegg.

Framlegget frå H v/Richard Gjerde vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Folk/SP v/Kaja Runde vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå H v/Sigurd Nygard vart samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding med dei vedtekne endringane ovanfor vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Arealdel* skal leggest ut til offentlig ettersyn i minst seks veker med slike endringar:

- Endring i kart – Toftestøda gnr. 36/2 til bustadområde
- Forslag om at området på Langeneset på Runde vert omgjort til LNF-kan område, som vist på kart
- Endring i kart B49 – Storneset blir sett av til kan-område eller bygge-område. Utvida med det skraverte område.

PS 134/13 OPPRETNING AV NYE FASTLEGEHEIMLAR

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

1. Herøy kommunestyre vedtek å opprette to nye fastlegeheimlar i kommunen.
2. Herøy kommunestyre vedtek at det blir oppretta ein ny fastlegeheimel ved Myrvåg legesenter og ein ny fastlegeheimel ved Herøy legesenter.
3. Herøy kommunestyre ber om at ein søker om tilskot frå Helsedirektoratet til rekruttering av legar i kommunen innan 31.10.13.

PS 135/13 VAL AV NY MEDLEM OG VARAMEDLEM TIL STYRET I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

Ny medlem vert vald:
Edel Goksøyr

Ny varamedlem vert vald:
Margareth Leinebø

PS 136/13 PERMISJON FRÅ VERV SOM MEDLEM I RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE.

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.10.2013

Nina Breivik Bendal får permisjon frå vervet som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne som omsøkt.

Det vert i permisjonstida nytta varamedlemsliste.

PS 137/13 PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er svigerfar til Silje Oksholen Gjelseth.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Svein Gjelseth vart samrøystes kjend habil.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret – 24.10.2013:

Silje Oksholen Gjelseth får forlenga permisjon i 1 år fram til 01.11.2014.

Det vert i permisjonstida nytta varamedlemsliste.